



HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
Postboks 1870 Nordnes
5817 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom N Pedersen, 5557 2119

Manglande oppfølging av vilkår i utsleppsløyvet og manglande oppfølging av pålegg om miljøgranskingar i Masfjorden

Vi viser til utsleppsløyvet til lokaliteten Knappen Solheim datert 11.05.2017 der det er sett vilkår om hydrografimålingar 4 gonger årleg, jf. punkt 4.2 i løyvet. Vi viser og til vårt brev datert 07.01.2020 der vi eksplisitt gav Havforskningsinstituttet pålegg om miljøgransking i form av oksygenmålingar i Masfjorden.

Statsforvaltaren har ikkje motteke nokon resultat av desse målingane og dei er heller ikkje rapporterte inn til Miljødirektoratet sin database Vannmiljø, jf. punkt 4.3 i utsleppsløyvet om rapportering til Statsforvaltaren.

Vi har vore inne på NMDC databasen og det ser ut som om det kan ha blitt gjort hydrografimålingar i Masfjorden.

Vi ber om at Havforskningsinstituttet følgjer opp vilkåra i utsleppsløyvet og dei pålegge dei har fått frå Statsforvaltaren snarast mogleg og seinast innan utgangen av september 2023.

Med helsing

Julie Marie Andersen
Seniorrådgjevar

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET
MASFJORDEN KOMMUNE

Postboks 185 Sentrum
Austfjordvegen 2724

5804 BERGEN
5981 MASFJORDNES